



**HØGSKULEN I VOLDA**  
Volda University College

## Nyhendebrev nr. 37, 27. oktober 2022

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, [johann.roppen@hivolda.no](mailto:johann.roppen@hivolda.no).

[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



### Symfoniorkesteret i 75 år: Konsert 30.10.

Symfoniorkesteret har konsert på Berte Kanutte-huset søndag 30. oktober med fleire flotte verk frå Romantikken. Hovudverket er Beethovens Klaverkonsert nr 1 i C-dur, Op 15, med solist Frode Skag Storheim. Framføringa har vore to år på vent på grunn av korona. Orkesteret lovar ein sprudlande konsert med musikk av både Beethoven, Rossini, Glazunov og Bizet.

[LES MEIR](#)

### Ministeren kjem til 100-års markeringa

Forsknings- og høgare utdanningsminister Ola Borten Moe kjem til 100-års markeringa for Henrik Kaarstad-huset, 16. november. Dette er første besøket hans på Høgskulen i Volda etter at han vart minister for forskning og høgre utdanning. Kaarstad-huset stod ferdig i november 1922 og fekk seinare namn etter [Henrik Kaarstad, som var grunnleggar, eigar og rektor på Volda lærarskule](#).

[LES MEIR](#)

## Tre har vorte nominerte til ny rektor

Fristen for å nominere kandidatar til ny rektor ved Høgskulen i Volda er no ute, og det har vorte nominerte tre kandidatar. Valstyret går ikkje ut med namna på dei nominerte før det har vorte klart at dei ikkje ønsker fritak frå å stille til val. Valstyret opplyser at det er både kvinner og menn blant dei nominerte og at alle tre er tilsette ved Høgskulen i Volda. Dei nominerte har no frist fram til 7. november med å eventuelt be om fritak frå å stille til val, og så er det frist 15. november med å finne prorektrorkandidat. Valstyret oppmodar dei som har nominert dei tre kandidatane til også å bidra til å finne gode prorektror-kandidatar. [Her er oversyn over viktige datoar i prosessen med å velje rektor og prorektror.](#)

## "Nei til skulepengar for internasjonale studentar"



### Markering og opprop mot skulepengar for internasjonale studentar

Onsdag 26. oktober markerte voldastudentar si misnøye med å innføre skulepengar for internasjonale studentar med ein demonstrasjon på høgskuleområdet. Arrangør ved Studentparlamentet ved leiar

Trond Fredrik Hoddevik. Det vart halde appellar frå to internasjonale studentar: Lekishon Laban og Maher Othman, AMF-dekan Kate Kartveit og prorektor Odd Helge Tonheim.

### **80 studentar frå land utanfor Europa: Uvisst kor mange som kan bli råka**

Høgskulen i Volda har hausten 2022 i alt 240 internasjonale studentar. Av desse er ca. 80 frå land utanfor EØS og Sveits. Regelverket er ikkje heilt klart når det gjeld kor mange slike studentar som i framtida kan bli kravde for studieavgift. Det handlar blant anna om dei er fast busette i Noreg men framleis er statsborgar i eit anna land, og også andre omsyn vil telje. Kanskje er det ca. 40 studentar som ville bli kravd studieavgift etter dei nye reglane, og der erfaringa frå andre land er at få ville søke seg til Noreg. I dag er det flest studentar frå utanfor EØS/Sveits på det toårige studiet Master in Media Practices (MMP) og på det eittårige studiet Norsk for internasjonale studentar (NIS). På begge studia er det ca. 15 studentar. På andre studium på Høgskulen i Volda er det stort sett 1-3 internasjonale studentar frå utanfor EØS/Sveits.

### **Rektor har signert på opprop mot skulepengar**

Høgskulen i Volda ved rektor har signert på eit opprop mot å innføre skulepengar for studentar utanfor EØS/Sveits. I alt var det [15 høgskular og universitet som signerte på oppropet som er omtala i Khrono](#). I framlegget til statsbudsjett for 2023 vert [Høgskulen i Volda trekt knapt ein halv million i studieplassar for internasjonale studentar](#). Dette er pengar som regjeringa ventar at høgskulen skal få tilbake i form av å kreve inn studieavgift frå internasjonale studentar.

## **Studium og studentliv**



## **Utdanningsdagane: 750 framtidige studentar kjem 1. og 2. november**

Elevar i vidaregåande skule og frå folkehøgskular i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane kjem til [Utdanningsdagane på Høgskulen i Volda](#) 1. og 2. november. Dette er det største arrangementet ved høgskulen, og samlar ca. 750 potensielle søkjrarar. Samanlikna med i fjar er det ca. 100 færre elevlar. Måløy vidaregåande skule er ny på arrangementet, medan Ålesund folkehøgskule ikkje deltek i år på grunn av kollisjon med utanlandstur for elevane. Det blir også stadig fleire einskildelevar som melder seg på arrangementet, utan at deire eigen vidaregåande skule deltek i full skala.

## **4.422 studentar på Høgskulen i Volda**

Etter at alle studentar har vorte talde opp vart fasit til slutt at det er 4.422 studentar ved Høgskulen i Volda hausten 2022. Voldastudentane utgjer ca. 1,5 % av det samla talet på studentar i Noreg. Studentane fordeler seg slik mellom avdelingane:

AHL: 1.934 (44%)

ASH: 1.381 (31%)

AMF: 562 (13%)

AKF: 462 (10%)

I tillegg kjem 83 ERASMUS-studentar (2 %). Les også [rektorbloppen med refleksjonar omkring utviklinga i talet på studentar \(figurar oppdatert med 2022-tal\)](#).

## Fagdag ASH: Korleis søke jobb?

Det var stort oppmøte på felles fagdag for alle bachelorutdanningane ved Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH). Her fekk mange studentar høve til å gjere seg opp tankar for korleis ein går fram for å søke seg fram til drøymeforvaltninga. [Les meir på nettsidene våre.](#)

## Samskipnaden: Naustplanane vart godkjende

Volda kommune har godkjent Studentsamskipnaden i Volda sine planar om å bygge [naust ved utløpet av Rotevatnet](#). Sivolda har inngått ein 50-årig leigeavtale med eigaren av to naust i området. Begge dei gamle nausta skal rivast og på tomta til eitt av dei skal det byggast eit nytt naust. Det nye naustet skal brukast til å lagre båtar og kajakkar for studentar. Området rundt naustet skal opparbeidast med veg, betre uteområde og mudring av støa til naustet. Området skal kunne brukast av alle turgåarar. [Det var tenesteutval for forvaltning og utvikling som godkjende planane denne veka.](#)

## «Kompetansenettverket for studenters suksess i høyere utdanning." Årskonferanse 5.-6. desember

Årskonferansen til "Kompetansenettverket for studenters suksess i høyere utdanning." er for alle tilsette og studentar i høgare utdanning blir arrangert i Trondheim 5.-6. desember 2022. [Les meir på nettsidene til årskonferansen.](#)

## Studiebarometeret 2022: No har studentane fått invitasjon

Det årlege undersøkinga Studiebarometeret er på gang igjen, og denne veka fekk alle studentar på 2. året på bachelor og 5. året på masterutdanning invitasjon til å svare på spørsmål om sin studiekveld. Resultata blir kjende ca. 1. februar 2023. [Les meir om undersøkinga på nettsidene til Studiebarometeret.](#)

## Menyen i kantina neste veke>

Måndag: Chili sin carne  
Tysdag: Fiskegrateng med råkostsalat og smelta smør  
Onsdag: Kebabbuffé  
Torsdag: Potetball med tilbehør

Fredag: Tacobuffé  
Pris: 14,90 per.hg

## Fag og forsking

### Høgskulestyret vedtok å søke om ph.d.-akkreditering

På omframt styremøte 24. oktober vedtok høgskulestyret samråystes å søke om akkreditering av ny doktorgrad med tittelen: Utdanning, språk og kultur. Styret gjorde også vedtak om at dei vil ha utgreia kva konsekvensar ein ny ph.d. vil ha for fagmiljøa på høgskulen og ønska også å sjå planane i samanheng med langtidsbudsjettet.

### 100-årsjubileet: Jubileumskoret vil ha 100 songarar: Etterlyser bassar og tenorar

Volda Mannskor skal bidra på 100-årsjubileet til Henrik Kaarstad-huset, og no ønsker koret seg ei forsterking med fleire songarar - gjerne på bass og tenor. Målet er å kome opp i 100 mann som saman skal synge "Landkjenning" av Grieg/Bjørnson i lag med Symfoniorkesteret. Og eit viktig poeng er at det også var 100 mann som song "Landkjenning" på opningskonserten i 1922! [Les meir på nettsidene våre](#).

### HVO-samarbeid i Kroatia

Institutt for realfag ved Høgskulen i Volda har fått midlar til eit realfagssamarbeid med utdanningsinstitusjonar og offentlege etatar i byen [Kutina](#) i Kroatia. Søknadsprosessen har frå høgskulen si side vore leia av [høgskulektor Arve Fiskerstrand](#), og prosjektet er finansiert av EØS-midlar som kroatiske organisasjonar kan få tilslag på gjennom samarbeid med blant anna norske aktørar. For Høgskulen i Volda inneber prosjektet midlar på i overkant av 30.000,- euro til samarbeid over eit par år for å vidareutvikle undervisningskompetanse i realfag for lærarar i byen Kutina og området rundt.

### Fjordkonferansen 2022: 20.-21. juni 2023 - i Loen

Fjordkonferansen 2022 blir ei veke seinare enn tidlegare år på grunn av at det var fullt på hotellet. Så i 2023 blir Fjordkonferansen arrangert 20.-21. juni, og i år er det Høgskulen i Volda som har hovudansvar for arrangementet. [Les meir på nettsidene til Fjordkonferansen](#).

## Fagdag om nynorsk skriftkultur 1. november

Tilsette, studentar og andre interesserte er velkomne til årleg fagdag om nynorsk skriftkultur. Programmet rommar siste forsking på målformer og språkbyte i skulen, biblioteka si rolle i språkpolitikken, ressursar for norsklærarar og innsikt i korleis bruke arkiv og fagbibliotek som kjelder til å finne svar på bestemte forskingsspørsmål knytte til vitskaplege artiklar eller masteroppgåver. [Les meir om fagdagen her.](#)

## Lærarutdanningskonferansen 2023: Innovasjon i lærarutdanningane

Tema for Lærarutdanningskonferansen 2023 er "Innovasjon i lærarutdanningane", og frist for å sende inn bidrag er 20. november. Konferansen blir arrangert 25. april 2023 på Thon Hotel Oslo Airport. [Les meir om konferansen på nettsidene til UHR.](#)

## Nytt om namn

**Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no)**

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på [www.hivolda.no](http://www.hivolda.no). Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing til korleis ein skal oppdatere si personlege side.](#)



### **Randi Myklebust skal evaluere norsk grunnskulelærarutdanning**

Førsteamanuensis Randi Myklebust, AHL, har vorte vald ut av kvalitetsorganet NOKUT til å vere nestleiar i ein sakkunnig komite som skal evaluere norsk grunnskulelærarutdanning. Leiar av komiteen er professor Elaine Munthe (UiS), som også er professor II ved Høgskulen i Volda. NOKUT omtalar Randi Myklebust slik: "Myklebust arbeider med pedagogikk, fleirkulturell pedagogikk og norsk som andrespråk i grunnskulelærerutdanninga. Ho har vore med i rådgivande faggruppe for oppbygging av masterutdanninga for grunnskulelærarar, og leia utviklinga av PEL-faget og det tverrfaglige masteremnet Norsk som andrespråk og fleirkulturell pedagogikk ved HVO."

### **Halvorsen har vorte dosent**

Lars Julius Halvorsen, AMF, har fått personleg opprykk til dosent i sosiologi.

### **Nordvik Reite har vorte førstelektor**

Gunhild Nordvik Reite, AHL, har fått personleg opprykk til førstelektor i pedagogikk.

## Lewe blir professor i Tyskland

Førsteamanuensis Thomas Lewe, AMF, har fått delvis permisjon frå stillinga ved Høgskulen i Volda for å gå inn i stilling som professor i mediedesign ved IU - Internationale Hochschule i Bochum frå våren 2023.

## Styre og stell

### Saker på styremøte 3. november

Høgskulestyret har sitt neste møte 3. november og dette er eit vanleg styremøte med ei brei sakliste. Sakspapira blir tilgjengeleg på nettsida til høgskulestyret i løpet av torsdag 27. oktober. Blant sakene på dagsorden er framlegg om utlysing av tre dekanstillingar. Dei fireårige åremåla i stillingane går ut 31. juli 2023. Dei tre avdelingane dette gjeld er: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning, Avdeling for samfunnsfag og historie og Avdeling for kulturfag. Av andre saker på styremøtet er orienteringar om statsbudsjettet, rektorvalet og utviklingsavtalen med Kunnskapsdepartementet.

### 387 tilsette (årsverk) på HVO

I oktober kvart år gjer Høgskulen opp statistikk over tal tilsette, og tala for HVO og andre høgskular og universitet blir tilgjengelege i det som blir kalla DBH: Database over høgre utdanning som ligg under HK Dir (Direktoratet for kvalitet i høgare utdanning). Tala for oktober 2022 syner at dei tilsette ved HVO til saman utfører 387 årsverk som er ca. 4 fleire enn i 2021. I praksis er det over 400 tilsette på Høgskulen i Volda. Målt i årsverk utgjer dei HVO-tilsette under 1 % av alle tilsette i høgskule- og universitetssektoren. Dei tilsette (målt i årsverk) fordeler seg slik på dei ulike einingane:

AHL: 139 (36%)  
ASH: 74 (19%)  
AMF: 48 (12%)  
AKF: 39 (10%)  
Fellesadministrasjon/leiing: 86 (22%).

Ser vi tilbake i tid har Høgskulen vokse mykje. Høgskulen passerte 200 årsverk i 1997 og 300 årsverk i 2014.

# Forsking og utdanning - utlysingar og fristar

## Såkornmidlar for 2023 - søknadsfrist 10. november

Forskningsutvalet lyser no ut såkornmidlar for 2023, og fagleg tilsette vert med dette inviterte til å søke. Midlane må nyttast i 2023. Vi tek etterhald om at midlar vert løyvd av Høgskulestyret. Såkornmidlane skal bidra til å auke forskningsaktiviteten ved HVO. Søknadar om støtte til å utarbeide søknadar til Norges forskingsråd, Regionale forskingsfond eller Horisont Europa vert prioriterte. Utfyllande informasjon om ordninga og søknadsskjema kan du finne på [denne nettsida](#). Søknadsfristen er 10. november 2022. Forskningsutvalet vil i møte 24. november kome med innstilling til tildeling av midlar. Tildelinga er avhengig av endeleg budsjettvedtak i høgskulestyret i desember.

## Publisering og formidling

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin](#).

Legg også ved lenke til publiseringa di.

## Mange HVO-bidrag i Bjerke-bok - med open tilgang

Fleire HVO-tilsette, alle ved AMF, har bidrige med kapittel i [festskriftet til professor Paul Bjerke](#), og heile [boka er fritt tilgjengeleg](#):

- [Professor Ellen Lexerød Hovlid](#): "Introduksjon" (saman med dei to andre redaktørane Birgitte Kjos Fonn og Birgit Røe Mathisen)
- [Professor Ellen Lexerød Hovlid](#) og [høgskulelektor Charlotte Loxley Helleland](#): "Strengare enn jussen? Ei samanlikning av reglane om identifisering i presseetikken og pressejussen"
- [Førsteamanuensis Idar Flo](#): "Barnevern og media: Kjeldebruk i Naustdalsaka"
- [Dosent Lars Julius Halvorsen](#): "Plass til en til? En case-studie av etableringen av Mitt Kongsvinger"
- [Dekan Kate Kartveit](#): "Etterord"

Tre tidlegare HVO-tilsette har også bidrige i boka:

- Professor em Sigurd Høst: "Å telle aviser. Bakgrunn, kilder, problemer, erfaringer"
- Professor Sigurd Allern: "Propagandamodellens renessanse"
- Førsteamanuensis Gunhild Ring Olsen: "Medfødt instinkt eller øvingssak? En analyse av den journalistiske magefølelsen sett i lys av Polanyis begrep "Taus kunnskap""

### **Magnusson har publisert i "The Journal of Organic Chemistry"**

Førsteamanuensis Carlos David Magnusson, AHL/Realfag, har saman med fem andre forskarar publisert artikkelen "[Asymmetric Synthesis of Methoxylated Ether Lipids: Total Synthesis of n-3 Polyunsaturated Docosahexaenoic Acid-Like Methoxylated Ether Lipid](#)" i det prestisjetunge amerikanske tidsskriftet "The Journal of Organic Chemistry" som har ein Impact factor på 4.28 og vert utgjeve av American Chemical Society. Magnusson omtalar publiseringa slik: "Artikkelen er innenfor organisk kjemi og handler om den første fremstillingen på laboratorium av et sjeldent omega-3 fettsyre lignende fettstoff med biologisk virkning. Fremstillingen ble gjennomført ved Universitet på Island." Feittstoffet er henta frå bruskfisk (haiar, skater m.v.).

### **Høydal, Åsebø og Dahl: Sampublisering i Frontiers in Sports and Active Living**

Tre HVO-tilsette har publisert i lag ein artikkel i tidsskriftet "[Frontiers in Sports and Active Living](#)". Dei tre er [førsteamanuensis Kjetil Høydal](#), AKF, [høgskulektor Eli Karin Sjåstad Åsebø](#), AKF, og [førsteamanuensis Silje Dahl](#), ASH. Artikkelen har tittelen: "[Experiencing good results promotes positive feelings to high-intensity exercise among young adults: A qualitative study](#)".

### **Norsk Litterær Årbok: To bidrag frå tilsette ved Høgskulen i Volda**

Samlaget har gitt ut [Norsk Litterær Årbok for 2022](#), og i år er det to bidrag frå litteraturvitarar ved Høgskulen i Volda:

[Professor Geir Hjorthol](#): "Politikk og estetikk i Dag Solstads Professor Andersens Natt"

[Førstelektor Marit Lovise Brekke](#): "Økokritiske og posthumanistiske perspektiv på ungdomsromanen Zweet av Marit Kaldhol".

### **Studie om mobbing i vidaregåande skule**

Fire tilsette ved Institutt for pedagogikk på AHL har publisert artikkelen: "[«Det er ikkje noko SIM sal bim» - om implementering av skolens innsatsteam mot mobbing](#)"- Artikkelen handlar om implementering av skulens innsatsteam mot mobbing (SIM) i tre vidaregåande skular, og kva erfaringar det har gitt dei. Artikkelen er publisert i Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk. Forfattarar er [høgskulektor Kari Leikanger Buset](#), [høgskulektor Iselin Vatnehol Waage](#), [professor Peder Haug](#) og [førsteamanuensis Anne Randi Fagerlid Festøy](#).

# Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

- [Studiedirektør - søknadsfrist 31.10.2022](#)
- [Rådgivar/seniorkonsulent \(2-3 stillingar\) i Studieadministrasjonen – fast stilling - søknadsfrist 31.10.2022](#)
- [Sivolda: Bustadleiar - søknadsfrist 31.10.2022](#)
- [Stipendiatstilling i samfunnsplanlegging - søknadsfrist 15.11.2022](#)

# Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

## Faglege arrangement på og ved HVO:

### Hausten 2022:

- 27.10.2022: [Kurs for studentar: Korleis vere student?](#)  
27.-28.10.2022: [Barnehagekonferansen 2022](#), Ålesund  
30.10.2022: [Huskonsert med Symfoniorkesteret](#)  
1.11.2022: [Open fagdag om nynorsk skriftkultur](#), Aasentunet  
1.11.-2.11.2022: [Utdanningsdagane 2022](#)  
3.11.2022: 50-års markering av historiestudiet ved Høgskulen i Volda  
3.11.2022: [Høgskulestyret](#)  
4.11.2022: [Sinnemeistring hos vaksne](#), HVO  
16.11.2022: 100-årsmarkering for Henrik Kaarstad-huset  
18.11.2022: ASH Avdelingsseminar  
23.11.2022: [Nettverkstreff: Kvinner i forsking på HVO](#)  
24.-25.11.2022: AHL Avdelingsseminar, Loen  
8.12.2022: [Høgskulestyret](#)  
2.-9.12.2022: [Val av ny rektor og prorektor](#)  
9.12.2022: Julebord for alle HVO-tilsette, Ulsteinvik  
15.12.2022: AKF Juleavslutning  
16.12.2022: Juleavslutningar for AHL, ASH og AMF

## Våren 2023:

19.1.2023: Høgskuleforum ("Forum for det utvida høgskuleområdet"), HVO

8.2.2023: [Internasjonal dag 2023](#)

9.3.2023: [Høgskulestyret](#)

16.-17.3.2023: Avdelingsseminar ASH

3.-4.5.2023: Styreseminar og [møte i høgskulestyret](#)

15.6.2023: [Høgskulestyret](#) (siste i styreperioden)

## Faste lenker:

### LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

### REKTORBLOGGEN

13.10.2022: [Kor mange studentar er det på Høgskulen i Volda?](#) (oppdatert 25.10.)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

### HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Twitter](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-bloggar](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpende oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

### STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)  
[Nærnett](#)

## Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: [postmottak@hivolda.no](mailto:postmottak@hivolda.no)

[Personvern](#)



[Endre kontaktinfo](#)

[Meld deg av e-postlista](#)